

Anstein Lohndal:

Dei som stod på den andre sida

Litt om NS-tilslutning og tyskorientering i Sunnhordland
under okkupasjonen

Når me skal gje eit oversyn over okkupasjonshistoria for Sunnhordland, bør dette vera så realistisk, nyansert og fullstendig som råd. Då kan ein ikkje utelata dei som hadde eit heilt anna politisk syn og tok fylgjene av det gjennom medlemskap i NS, og ut frå si overtyding på ymse måtar "gav fienden bistand i råd eller dåd", som det heitte i lovverket. Dette emnet har bygdebokskrivarane stort sett sprunge over når dei skriv om okkupasjonstida. Men eit lokalsamfunn kan ikkje utan vidare slå ein strek over sider av fortida si som ein kvir seg for å akseptera, trass i at det her gjeld historiske fakta og aktørar som spela ei rolle i samtida.

I denne artikkelen vil me gje eit oversyn over tilslutninga til Nasjonal Samling i Sunnhordland og andre grupper som valde samarbeid med okkupasjonsmakta ut frå varierende motiv. Ved å dra fram eit par representantar og la dei sjølv gjera greie for sine opplevingar og haldningar under krigen trur me at kan skapast grunnlag for ei betre forståing av dei tilhøva som førte til at ein del menn og kvinner hamna på "den galne sida". Her i Sunnhordland var det ei sers lita gruppe samanlikna med andre regionar. Kven var desse som valde "feil side" og kvifor gjorde dei det? -

For å finna fram til ei sannsynleg forklaring må ein sjå både på lokalt og nasjonalt kjeldetilfang.

Vestlandet vart lite påverka av NS-ideologien

Pr. 8. mai 1945 var det i heile landet 54651 medlemmer av Nasjonal Samling. Trass i at partiet vart skipa i 1933, oppnådde det aldri så stor tilslutning at det fekk ein einaste representant innvald på Stortinget. Ved kommunevalet 1934 fekk rett nok NS inn ein del representantar i kommunestyra, fyrst og fremst på Austlandet, i Telemark og Agderfylka. På Vestlandet vart partiet berre representert i bykommunane Stavanger, Haugesund, Bergen og det bynære Fana. Ut over bygdene i vestlandsfylka fekk NS så å seia ingen tilslutning.

berre nokre få spreidde røyster ved stortingsvala. Kommunevalet i 1937 vart ein katastrofe for NS som parti, og i slutten av 1930-åra var NS ei politisk sekt. Storparten av medlemene fall frå, og indre strid la ei lamande hand over partiarbeidet. Pr. 9. april 1940 hadde det truleg i høgda 2700 medlemmer. Dette talet er mykje usikkert. Under krigen kom ein del av dei utmelde attende til partiet.

Ei kartlegging av medlemsmassen synte både før og under krigen klåre regionale og sosiale skilnader. Stort sett var det mellomklasse menneske, næringsdrivande og funksjonærar helst, i byar og urbaniserte strok som utgjorde hovudparten av medlemene. På bygdene hadde partiet noko tilslutning frå bønder, serleg på Austlandet. Det var elles påfallande at veljarar på Vestlandet og i Nord-Noreg var mykje mindre interesserte i NS-bodskapen enn dei andre landsdelane. Dette mønsteret vart ikkje avgjerande endra under den sterke tilstrøyminga til NS i åra 1940-1943.

Den politiske bodskapen til Nasjonal Samling finn ein kan henda klårast utforma i prinsippprogrammet frå 1933. Det vart ståande stort sett uendra så lenge partiet eksisterte.

Utdrag frå partiprogrammet frå 1933:

Nasjonal Samlings program var hovudsakleg utarbeidd av partiføraren, major Vidkun Quisling. Det vart lagt fram på NS landsting og godteke av rådet 28. -29. april 1934, og til sist stadfesta av føraren "etter at hensyn er tatt til fremkomne bemerkninger", som det heitte. Denne arbeidsprosedyren samstava fullt ut med *førarprinsippet*, som NS la til grunn for alle politiske prosesser og vedtak.

Partiet formulerte sitt grunnsyn slik: "Nasjonal Samlings mål er: Nasjonal enhet/uten klassemotsetninger og partier, et solidarisk folkesamfund bygget opp på yrkeslivets grunn, med sterkt og stødig styre - et faglig folkestyre."

Prinsippprogrammet omfattar fem hovudbolkar med 30 underpunkt. Me tek med eit utdrag av sentrale programpostar:

"I. Staten og samfundet.

1. En handlekraftig nasjonal riksregjering uavhengig av partipolitikk.
2. Nasjonens kultur- og næringsliv organiseres i selvstyrende legaliserte yrkeslag (laug) som danner bindeledd mellom den enkelte og staten, under statens kontroll. Et riksting av yrkeslagene organiseres og gis innflytelse på rikets styre.

Sunnhordland Folkenissein og Sagelag
Boks 51, 5401 STØED

109964

Ingeniør Lund skreiv av og til lærde artiklar i tidsskriftet til fredsrørsla. Ei tid sende han dette tidsskriftet gratis til far. Og etter at far flutte heim til Etne og Lund drog til Porsgrunn, heldt dei diskusjonane ved like i brev. Lund sende også bøker om dette og andre tema til far, og han betalte i fleire år Berggravs tidsskrift "For kirke og kultur" for han. Ei kortare tid betalte han også abonnentet på tidsskriftet "Janus" for far.

Brei samfunnsorientering heime

I heimen vår vart alle desse tidsskrifta grundig studerte, og dessutan heldt far "Nationen". Eg vart tidleg dregen inn i diskusjonar med far om mange slags emne. Kanskje var det mest for å klargjera sine eigne tankar han gjorde dette, men eg vart i alle fall dregen med før eg var 14 år, både når det galdt tidsskrift og dagsaviser. Det var også om lag på same tid at far fekk meg til å studera det sosialistiske tidsskriftet "Det tyvende aarhundre", som han hadde samla og teke med seg heim. Sjølv sagt kunne det vera vrangt å forstå mange gonger, men etter litt samtale vart det som oftast klårare. Korkje eg eller far lika alt som vart skrive der, men sumt tykte me var rett og bra.

Endå om me aldri gløymde å studera dei tidsskrifta og bøkene som Lund stort sett heldt oss med, så var det etter kvart bondepartiavisa "Nationen" som meir og meir fanga vår interesse. Denne avisa var fyrst og fremst oppteken av riks- og storpolitikk, og det var nett dette som interesserte far og meg. Far hadde i årevis delteke i lokalpolitikken - vore med i heradstyret og andre styre og nemnder, men det har eg aldri brydd meg om og ikkje vore borti. "Nationen" var ei drivande god avis så lenge redaktør Aadahl leia henne. Sjølv var han ein meister til å skriva, enten det var stutt og hardt, eller underfundig spitande så det lukta svidd. Han var aldri redd for å ha eigne meiningar både om eige parti og andre. Om seg hadde han samla ei rad gode pennar på mange omkverve. Eg hugsar serleg O. K. Skuggevik, fåordig og kvass som ein rakekniv, og agronomen Birger Ree som tretta med riksantikvar og arkitektar om restaureringa av Nidarosdomen, gamle Akershus eller andre bygg som skulle setjast i stand. Der skreiv Olga Bjoner like glasklårt som ho var på talarstolen, og så var det innlegg av oberst Ruge, og ein hende gong av Vidkun Quisling. Under redaktør Aadahls mektige hand var "Nationen" truleg Noregs mest nasjonale avis. Gjennom denne avisa kunne eg halda meg godt orientert om både storpolitikk og den politiske utviklinga her heime. Og frå min tidlegaste ungdom av vart eg sterkt oppteken av politiske spørsmål og skjøna etter kvart at det nasjonale måtte vera samlings- og livsgrunnlaget for vårt land om me skulle ha ei framtid som eige folk.

Medlem av Nasjonal Samling

Eg vart mobilisert den 9. april og tenestgjorde i stabskompaniet under kampane i Valdres. Då eg kom heim att, vart det ei stille tid for meg. Eg hadde meldt meg inn i Nasjonal Samling den 8. april 1940 fordi eg meinte at den politiske stoda var no så fårleg at berre ei handlekraftig nasjonal regjering kunne berga oss frå å verta dregne inn i krigen. Sidan 1935 hadde eg halde eit lite blad som NS gav ut, og var såleis vel orientert om den politikken partiet stod for.

Den fyrste oppgåva eg fekk som partimedlem, var å ha ansvaret for innkrevjinga av medlemskontingenten til partiet. Denne skulle innbetalast kvar månad mot eit klistremerke i partiboka. Kontingenten vart send til det overordna partikontoret i Bergen. Derifrå kunne så laget i Etne få pengar, t. d. til propaganda og likn. Eg vart innkalla til dette kontoret tre - fire gonger under krigen. Det galdt berre mindre økonomiske saker.

Det vart skipa partilag i Etne, men aktiviteten var ikkje særleg stor. Elles var eg i desse åra mest oppteken med gardsarbeid. Ut på hausten 1940 melde far og mor seg inn i NS, like eins nokre andre familiemedlemmer. Me fekk snart oppleve at det kosta å vera med i NS, både på den eine og den andre måten. Frå partiet vart det kravt at me skulle vera eit føredøme og lojalt fylgja dei lover og reglar som vart sette for medlemskap. Frå den andre sida byrja det med overlegne flir og skitord, og litt etter kvart isolering frå kameratar og gamle vener i heimbygda. Dei såkalla "gode nordmenn" tok til å yppa seg etter som den engelske propagandaen gjorde sin verknad. Mellom anna hende det at me i NS kom sist i køen når det galdt rasjonerte varer som var vanskeleg å få tak i. Dei "gode nordmennene" dreiv med allslags handel i løynd, og me hadde pålegg om å ha eit auga med denne ulovlege trafikken. Men det var sjeldan at me gjorde noko med den utbreidde svarthandelen. Me rapporterte ingen av bygdefolket, endå me visste både det eine og det andre.

Utnemning til lagfører

Eg trur det var ein gong i siste delen av 1941 at eg ved brev frå hovudkontoret i Oslo vart beden om å skaffa meg åtferdsattest frå politiet og senda denne inn. Ei tid etter fekk eg innkalling til eit møte i Bergen. Eg visste ikkje kva det galdt. Då eg kom til møtestaden, som var i ein kinosal, viste denne seg å vera full av uniformerte ungdomar og ein del eldre i sivil. Eg og ein annan var på veg framover sidegangen for å finna oss ein sitjeplass då me hørde fleire kom gåande bak oss. Me gjekk litt til side. Det synte seg då å vera Quisling saman med fleire toppfolk i partiet. Me helsa sjølv sagt, og Quisling helsa attende.

Då alle var komne på plass, sa Gudbrand Lunde nokre ord frå talarstolen, og så kom ein annan kar fram på scena. Han ropa opp ein del namn og bad vedkomande koma fram ein for ein. Eg vart ropa opp omlag midtveges. Me som var kalla fram, vart så utnemnde til ymse førarpostar i NS. Kvar av oss fekk samstundes ei ekstra partibok underskriven av Quisling personleg og rett til å bera ørnemerket. Eg vart utnemnd til lagførar i Etne kommune, dvs. den øvste politiske leiaren i NS Kamporganisasjon (NSKO) på det lokale nivået. Med det vart eg med i den indre sirkelen om Quisling av eldre og trudde partifellar. Det låge nummeret eg fekk i NSKO tydde noko i dei dagar. Etter at utnemningsseremonien var over, heldt Quisling ein timelang tale til oss. Etterpå vart me innbedne til middag på Hotel Terminus, der både høge og låge samla seg. Me slo oss ned som det fall seg, og Quisling sette seg nokre plassar bortanfor meg ved same bordet. Alle vart serverte to halve feitsildar, to poteter og ei halv flaske øl til. Etter bordseta reiste dei frå Oslo attende, og me andre som hadde lang veg heim, fann oss natteherbyrge.

Me var nasjonalsinna nordmenn

Eitkvart parti ynskjer å skapa seg ei plattform, og helst ei som er så romsleg som råd er. NS var ikkje noko unnatak i så måte. Men fyrst og fremst var me eit nasjonalt parti som måtte operera i eit ureint og fårleg farvatn. Me måtte føra ein kjøp- og salspolitikk, og vart ofte dregne med i ting som så vart oppblåsne og utbroderte for å skada oss. Terboven var misnøgd med oss fordi me prøvde å bremsa han der me trudde å kunna gjera noko. Våre landsmenn såg alt svart og unyansert, og deira propaganda gjekk berre ut på å hindra, skada og øydeleggja. Ein kan tenkja seg kva den rolege og sindige Quisling hadde å stridast med når Terboven hadde sikra seg rådvelde både over sitt eige Gestapo og det norske politiet. Då kunne det berre verta forhandlingar, og ofte nytteslause slike. Det viktigaste målet for den såkalla heimefronten var å hindra at NS fekk stønad frå folket og vart i stand til å verta høyrd på tysk hald. For å greia dette skydde dei ingen ting. Dei bruka mord, brann og tjuveri, og gav oss skulda for alt. Okkupasjonsmakta slapp lettare frå det - litt spionering og nokre attentat. Men så var dei mykje meir fårlege å leggja seg ut med. Fyrst då det ikkje lenger gjekk så godt for tyskarane ved frontane, sette England større fart i heimefrontspropagandaen. Alt vart sett inn på å øsa opp folket mot NS etter same oppskrift som Hitler nytta mot jødar og kommunistar. Terboven var av same skulen. Han skulle aldri vorte send til Noreg. Kva skal ein t. d. meina om at han sette inn tyske "Berater" på svært

mange plan i NS ? Det var nokså tydeleg at NS skulle samkøyrast med det tyske partiet (NSDAP). At me i det stille nekta å godtaka desse "Berater", var truleg ikkje heilt lett å svelgja for Terboven. - Alt NS-folk gjorde for å jamna og lempa, vart håna og spotta. Det fanst ingen ting - stor eller liten - som ikkje vart forvrengd, ofte med indirekte hjelp frå Terboven. I sanning stod me mellom borken og veden. Likevel greidde me å få det norske folket gjennom mest fem års krig utan at nokon svalt i hel. Det var stundom knapt med mat, men i land med betre forsyningstilhøve enn Noreg døydde mange av svolt. Ein gong vil nok det norske folket måtte takka Quisling og NS fordi dei stod der dei stod.

Ymse personlege opplevingar

Eg var til stades i Oslo 1. febr. 1942 under Riksakten på Akershus då Quisling vart ministerpresident (regjeringssjef). Saman med andre frå Vestlandet var eg innkalla i det høvet. Me hadde fribillett på båt og tog, og i Oslo vart me innkvarterte hos partifellar. Eg låg på flatseng hjå ein familie der mannen i huset var politimann. Eg fekk også kosten hjå dei utan eit øre i utlegg for meg. Elles var eg berre tilskodar mellom mange andre då uniformerte hirdfolk marsjerte framom i lange rader til musikk av eit stort hornorkester. Det var staseleg å sjå. Eg hugsar elles at då eg seint på kvelden skulle finna natteherbyrget mitt, gjekk eg og tulla i dei mennesketome gatene og fann ikkje att staden. Til all lukke råka eg ei eldre kone og spurde henne kvar eg skulle gå for å finna fram. Eg var meir enn heldig, for det viste seg at kona var svigermor til han eg budde hjå.

Av og til vart eg innkalla til stutte øvingar i drilleksersis, som oftast på Voss. Stundom var det innlagt ein time eller to med våpenøving attåt, men desse våpenøvingane varde ikkje meir enn 6-7 timar samanlagt under heile okkupasjonen, og det må vel helst kallast lite. Ein gong fekk me litt øving i å forsvara oss med nevene mot åtaksmann med slagvåpen. Den slags kunne det godt ha vore meir av, for som NS-folk var me ofte utsette for vald. Eg hugsar såleis ein gong eg var i Bergen og ville ta ein snarveg til ei anna gate. Nedi nokre smau kom det fram tre karar og prøvde å tvinga meg i gal lei. Til all lukke fann eg eit op, så eg kom borti ei meir trafikkert gate og smatt frå dei. Me måtte stendig vera på vakt og sjå oss vel føre på framande stader.

Ein gong eg var i Bergen fekk me vera med på ei omvising i ubåtbunkaren på Laksevåg. Me fekk sjå ein ubåt som vart hala på land for reparasjon. Eit par andre låg fortøyde i kvar sin tunnel. Denne bunkaren var eit svært anlegg.

Ikkje rart at engelskmennene hadde vanskar med å få øydelagt det etter krigen. Men dei greidde i alle fall å sprengja laus så mykje at inngangane til tunnelane vart blokkerte. -

Ein annan gong var eg med på ein realistisk opplagd rassia i Bergen. Det heile enda opp i ein kontroll av grensebuarbevis. Ingen vart arresterte i det høvet.

Frå nyår 1944 vart far sett til ordførar i Etne. Eg hjelpte han med dette arbeidet ved sida av gardsdrifta. Kommunen hadde tolleg gode innkomer, men det var lite me kunne gjera i kommunal regi under dei tilhøva som rådde. Det vart utført nokre elveforbyggjingar, og ein del forsyningssaker vart handsama. Like eins måtte me fordela ein del hesterekvisisjonar til Wehrmacht osv. Etter ordre frå sentrale styremakter vart alt av overskot avsett til ymse fond for seinare bruk. Mellom anna vart det avsett eit "motfond" til kommunegjelda, slik at Etne kommune i røynda var skuldfri då krigen slutta.

Av andre saker som far laut ta seg av meir "på sida", var bøn om hjelp til frigjeving av eit par bygdefolk som tyskarane hadde arrestert. Han måtte dra like til den tyske politisjefen i Bergen for å få dei frigjevne. Det var nok ikkje nokon hyggeleg reise, for han fortalde ikkje med eitt ord kva som hadde hendt der. Han nemnde det heller ikkje under rettssaka etter krigen.

Same året (1944) melde eg meg til teneste i Den norske legion. I det høvet vart eg innkalla til SS Dienststelle i Oslo. Der vart eg nøgje granska av lækjar og andre, men vart send heim att fordi eg ikkje heldt mål etter dei krava som vart sette til krigstenesta. Ei tid etter att eg var heimkomen att, fekk eg innkalling til ein kortvarig drilleksersis på Tvildemoen, Voss. Denne gongen hadde me ein kar med underoffisersutdanning til sjef. Ein dag kom det ei Volkswagen(boble) duvande bortetter sletta mot oss og stogga eit stykke i frå. Ut steig ein tysk general, og me vart kommanderte i stram giv akt. Men generalen ville berre prata litt. Han spurde mellom anna om nokon av oss hadde vore med i krigen mot tyskarane i 1940. Ingen av oss var gode nok i tysk til å snakka med han, men underoffiseren vår var tolk. Eg svara at eg hadde vore med under kampane i Valdres. Det var han interessert i og kom med ymse spørsmål. Eg kunne berre svara at eg hadde gjort teneste bak fronten, og hadde derfor lite å fortelja. Generalen smilte og nikka, og så gjekk han attende til bilen sin. Seinare har eg fått greie på at det var den ikkje ukjende general Tittel, som me hadde hatt til motstandar under striden i Valdres.

Og så "braut freden laus" for meg

Freden kom medan eg framleis var på Voss, og me vart straks dimitterte og sende heim. Eg kom ikkje så langt på heimvegen, for på ferja over til Kinsarvik vart eg omringa av barske tenåringar. Ferja vart ordra inn til ein liten stad eg ikkje hugsar namnet på no, og her vart eg overlevert til ein eldre lensmann og hans mannevonde kvinnelege betjent. Frå den dagen levde eg totalt i ingenmannsland, og eg fekk diverre ikkje sjå korleis den såkalla "freden" utvikla seg.

Etter eit biskt forhøyr om personalia vart eg og dei andre arresterte kommanderte ut i ein buss under oppsyn av lensmannen i full uniform. Turen gjekk innover Sørfjorden, gjennom Tyssedal og til Odda. I Tyssedal vart me møtte med ei haglskur av brøl, banning og spytteklyser frå den frammøtte "velkomstkomiteen". I Odda gjekk det omlag like eins. Bussen stogga til sist mellom fabrikkveggen og fjellveggen ute på Eitrheimsneset. Me vart ordra ut av bussen og inn gjennom ei jerndør i fjellveggen. Her var ein tunnel med elektrisk lys og 4 - 5 lange sprinkelbenkar av tre. Og så stod der eit par latrinebøtter. Det var heile inventaret. I denne tunnelen satt det nokre frå før, og andre kom etter oss.

Etter ei tid kom ein gjeng morskingar inn og brølte oss på line. Kroppsvisitasjon. Dete skjedde på den måten at ein kar stilte seg opp framføre lina, gav kvar av oss ein støyt i bryst eller mage og skreik "hands up". Så gjekk han i gong med å plukka oss absolutt reine for alt me måtte ha i kleda og kasta det i ein haug på golvet. Ein annan kar gjekk etter og plukka alt saman opp i posar. Så kroppsvisitererte den fyrste oss ein gong til, mann for mann. Heile tida måtte me stå med hendene over hovudet. Til slutt bjeffa han nokre ordre om bruken av latrinebøttene og eksperimenterte litt med lyset, men fann visst ut at det fekk stå på.

Den dagen fekk me korkje vått eller turt. Berre eit par barskingar var innom eit par gonger om kvelden og såg over fangsten. Sidan vart det å krøkja oss saman på trebenkane som me stod og gjekk, og prøva å få sova litt. Nokre av benkane måtte flyttast på, for det draup frå taket i tunnelen. Kva tid det var på døgeret visste me ikkje lenger. Langt om lenge kom eit par vakter inn med eit kvart brød pr. mann og to bøtter vatn. Det var heile matstellet.

Me hadde med interesse studert ei betongtrapp inst i tunnelen, men så lenge det var eit stadig renn av vakter, var det uråd å finna ut kor ho førte av. Trappa hadde ca 70 trin og førte opp til ei jerndør like under toppen på fjellknausen. I døra var det eit rundt hol. omlag ein tomme i diameter. Me kunne i alle høve sjå når det var dag eller natt ute. Neste dagen fekk me same brødrasjonen, og

merkeleg nok - eit liten bete sildefilet attåt. Og etter som dagane gjekk, vart det litt betre med maten. Me fekk to små poteter og ei solsild (røykt storsild) kvar til middagen. Både sildehovud og slo gjekk ned på høgkant. Administrasjonen utanfor greidde å halda denne dietten nokonlunde regelmessig. Ein må elles vera real nok til å innsjå at det baud på problem for dei ansvarlege å skaffa tilstrekkeleg forsyningar under desse unormale tilhøva.

Ein dag vart me av brølande vakter stilte opp på line, og ein heil gjeng barskingar kom inn til oss. NS-politimesteren i Odda vart plukka ut og jaga 3-4 trin opp i trappa der han måtte stå i giv akt. Barskingane hadde fått tak i uniformslua hans, og gav seg til å sparka denne att og fram på golvet medan dei spytta etter henne. No vel, det var truleg eit uttrykk for nasjonal haldning dette også! Så drog heile gjengen hånflirande ut att. Oppstillingar var det av ein eller annan grunn ofte. Men ein dag stod likevel noko ekstra på. For då kom fleire sjefar inn i fylgje med to russarar som bar blodraude band i knappholet på jakkene. Desse russarane gjekk sakte langs rekkja av fangar og såg nøyte på kvar einskild. Ingen av oss vart peika ut - truleg var dei på leiting etter gestapofolk. Det var ei uhyggeleg vitjing. -

Merkeleg nok gjekk dei vekene me sat i denne tunnelen stort sett av med brøling og spottord, men utan vald. Etter om lag tre veker utan å ha sett dagslys og ikkje høve til vasking eller barbering, såg me nokså tufsne ut med minst halvtoms skjegg. Men så brått vart det sendt inn ein barber med såpegut som fjerna skjegget medan vaktene heldt oss under oppsikt. Og no vart det ordna med ein halv times lufting dagleg mellom fabrikk og fjellveggen under strengt vakthald. Arbeidarane hang ut av vindaugo på fabrikk og studerte desse merkelege dyra. Ein kan tenkja seg korleis me såg ut etter å ha lege og velta oss fram og attende på trebenkene i vekevis utan noko slags sengeklede. Men trass alt vart denne fengselsleiren styrt med fast og sterk hand, og det rådde streng orden i alle ting. Seinare skulle eg få oppleve andre tilhøve.

Internering på Eikelund skule ved Bergen

Ein dag vart brått nokre av oss ropa opp og jaga ut på vegen. Det stod det ein liten militærbil med presenningtak over. Me vart jaga opp på lasteplanet og fekk ordre om å setja eller leggja oss ned. Ein kar i battledress med automatpistol i nevene kraup inn til oss, og to andre med liknande utstyr tok plass attmed sjåføren. Så bar det av garde. Det vart ein lang og vond kjøretur for oss som sat eller låg på det steinharde lasteplanet. Dersom me rørde for mykje på oss, vart pistolen svinga mot oss fylgd av åtvaringar om å halda oss i ro.

Endeleg kom me fram til Eikelund åndsveikeskule i Bergen. Støle og såre vart me no jaga ned av lasteplanet og mottokne av ein gjeng i battledressar med stenguns i nevene. Dei sveiv rundt oss med banning og skriking. "Se å få fart på dere for helvete! Opp til veggen, tærne helt inn for Fan! Dei støyte oss i ryggen med den skarpe flammedemparen på våpenet medan dei skreik: "Rett! Slutt med den helvetes svaiinga for Fan, ellers skal jeg sette en fyrstikk mellom veggen og deg!" Slitne som me var etter den lange kjøreturen, var det ei hard påkjenning å stå stram mot ein loddrett murvegg i timevis. Ein eldre mann klarte ikkje dette og deiste i uvit på rygg medan hovudet dunka mot grusen. Det vart eit fæla oppstyr med mykje banning, men det enda med at mannen fekk eit par spark og vart liggjande der. Det me opplevde var berre den vanlege mottakinga på Eikelund både for menn og kvinner.

Brått fekk eg eit hardt rapp over armen med maskinpistolen og hørde ei vaktbrøla: "Se til å få opp farten! Inn der!" Eg småsprang etter som han peika. I eit rom stod eit par karar i sivil, og ein av desse rannsaka meg frå topp til tå - eg var elles nokså reinplukka frå før - og ropa til sist: "Se til å få vekk skitten etter deg og forsvinn opp på rom nr. det og det! Der skal du holde deg i ro! Ingen får gå derfra uten å spørre om lov, og ingen får nærme seg vinduene. Da blir det skutt med en gang!" Så vart det ny springmarsj, og eg vart til sist jaga inn på eit rom det det stod 3-4 andre fangar i stram giv akt. Me fekk korkje vått eller turt den dagen, men her var då køyer med sponmadrasser og to tynne ullteppe pr. mann. Det var trass alt betre enn trebenkene i Odda!

Neste morgon var det oppstilling på gardsplassen med teljing hit og dit under den vanlege flaumen av skjellsord og jaging att og fram. Ingen ting var rett eller godt nok. Her leika ein soldatar utan å ha særleg greie på militær kotyme. Endeleg kom sjefen med nokre reglar, og la til at eventuelle klager ville resultera i mindre mat. Medan me var der ute, såg eg to kvinner som stod ved "muren". Den eine fall i uvit og vart liggjande på rygg. Men bortsett frå ei byge med skjellsord let dei henne liggja der så lenge me var ute.

Dagen etter fekk me utlevert den vanlege fjerdeparten av eit brød, men elles ingen ting anna, korkje vått eller turt. I kjellaren stod det nokre simple trebaljar med litt halvgamalt vatn i. Det auste me opp med hendene og drakk. Korkje auser eller bestikk fanst til bruk for oss. Det var berre å bruka hender og tenner. Av og til fekk me ei solsild eller ein klump ramsalt rogn, og ein sjeldan gong ein del av eit kokt kálhovud. Noko slikt som poteter såg me aldri.

Etter militærreglementet skal ein helsa på offiserar ved å stramma seg opp og venda hovudet mot dei i forbifarten. Men her var helseplikta utvida til å gjelda absolutt alle, og det var likegyldig om den ein plikta å helsa på, stod med ryggen til. Det var alltid nokon som skreik opp dersom vedkomande fange ikkje hadde helsa tilfredsstillande og sende han fram og tilbake fleire gonger til straff.

Seint ein kveld etter leggetid vart det eit fæla spetakkel utanfor med skyting, springing og banning. Dørene flaug på hin veggen, og me vart jaga ut som me gjekk og stod. Oppstilling. Me stod der berre halvkledde og hutra og fraus. Så kjem endeleg ein politifullmektig drivande langs lina med ei kvinne under armen og ei ditto på slep etter. Alle var godt i farten. Fullmektigen fekt med ein veldig pistol i handa. Eit par av dei oppstilte fall saman på lina i uvit, og ei kvinne skreik: "Åh, jeg dåner! " Fullmektigen brølte: " Dån til helvete! " Heile tida flaug vaktene opp og ned bak oss og skrålte på sin kant. Over ein time måtte me stå der til spott og spe før me vart jaga inn att. Det er sant å seia rart at me greidde å halda oss rolege. Men til stor forarging for vaktmannskapet makta me dette med glans. For alt dei første dagane me var i fangenskapet hadde det gått ut parole blant våre: *Ingen opposisjon, ingen svar utan ja eller nei, og gjer det som vert sagt til dykk*. Det var ikkje lett å leva etter, men me gjennomførde parolen konsekvent. Me visste inderleg godt at plageåndene våre berre leita etter eit høve til ekstrastraffer. På denne måten utvikla det seg eit konkurransetilhøve mellom fangar og vaktmannskap. Eit døme frå eigne røymsler: Under kroppsvisitasjonen av meg hadde dei oversett nokre turre stikkar av heimeavla tobakk i ei av lommene mine. Bruk av tobakk var strengt forbode, men freistinga vart for stor. Eg fekk karva opp den beinharde stikken, tok litt dopapir og rulla meg ein sigarett. Eld måtte eg stela i ein omn der der låg nokre glør. Medan eg plundra med dette, kom ein annan fange over meg, og han bad sjølv sagt om ein liten smak, og det fekk han. Men korkje eg eller andre visste at han var ein vanleg kriminell som truleg var putta inn til oss som angjevar. Ikkje lang stunda etter den forbodne røyken vart det eit veldig rabalder ute i gangen. Døra vår vart riven opp, og to væpna vakter storma inn, plukka ut meg utan nøling og skreik:

" Samla saman fillene dine og kom her! " I fullt sprang bar det bortover gangen og ned trappa med maskinpistolen i ryggen. Her stod sjefen og bjeffa: " Har du røkt ? " Eg svara ja. Med ein hånflir kom så ordren: " Sett han i mørkecella! " Så gjekk det i springmarsj dit. Mørkecella var eit rom i kjellaren utan vindaugo med ei einsleg elektrisk lyspære i taket. Lyset kunne

ein berre slå av og på utanfrå. I farten før lyset vart avslege såg eg at utstyret i cella var ei samanrasa køy utan sengeklede, og så stod det ei dobøtte i eine hyrna av romet. Der stod eg i bekmørkret etter at vaktene var gått sin veg. Eg tassa omkring og freista gjera meg kjent med lokalitetane. Golvet var vått, oppdaga eg, og der kunne eg ikkje liggja. Så prøvde eg å stabla køya på beina og greidde det så nokonlunde. Men så kom vaktene inn att og brølte: " Rett! " "Eit kraftig spark fekk køya til å rasa saman. Då dei vel var ute av cella, sette eg køya saman att og la meg varsamt med gangkleda godt om meg. Eit par gonger kom ei vakt inn og lyste over meg med lommelykt, men let meg få liggja i fred.

Langt om lenge kom vaktene og henta meg. Med pistol i ryggen vart eg jaga attende til det vanlege romet. Romkameratane meinte at eg hadde opphalde meg i mørkecella 18-20 timar. Som før nemnt hadde me ikkje klokke. På desse timane fekk eg korkje vått eller turt. Angjevaren såg me ikkje meir til. Kan henda vart han sett fri som løn for velgjort arbeid! -

Avhøyr og dysenteri

Svelteforinga gjorde sin verknad etter kvart, og me gjekk berre og hangla dagen lang. Men alltid måtte me springa når eitkvart stod på.

Av og til vart nokre av oss henta til avhøyr. Til å leia desse avhøyra brukte dei alle slags folk - så sant dei kunne gie seg ut for å vera "gode nordmenn". Då turen kom til meg, fekk eg berre eit par lite viktige spørsmål og elles førelagd eit maskinskrive ark som skulle lesast gjennom i ein fart og underskrivast. Det heile hadde ein proforma karakter. Alt tyktest avgjort på førehand. Kva eg skulle skriva under på, hugsar eg ikkje stort av no. Men eg la merke til at dei hadde teke med noko av ting eg hadde prøvd å gie ei forklaring på.

Ein dag fekk me inn til oss noko kokt, avsløya brisling. Me var for svoltne til vera kresne og berre åt rubb og rake. Etterpå fekk me ein dysenterisjau så berre grøne slimet rann or oss frå bår ender. Nokre av fangane støtta seg sidelengs langs veggene for å kreka seg på toalettet. Eg vakla dit, stod så og tviheldt meg i ein vask og freista å spy medan det samtidig rann bak. Då vart alt svart for meg.

Eg vakna på eit anna rom, og lækjaren vår (han var også fange) stod over meg. Han smilte då eg vakna, bad meg gapa opp, og tømde så noko søtt og sterkt inn i munnen på meg. Eg sovna momentant. Kor han hadde fått medisinen frå, veit eg ikkje. Eg såg aldri at folk som klaga seg for ei eller anna liding, fekk noko hjelp frå fengselsleiinga. Dersom nokon klaga over

sjukdom, var svaret grov kjeft og skuldingar for simulering. Kor lenge eg sov, veit eg ikkje, men kjende meg betre då eg vakna. Så fekk eg ein liten klatt med noko bønnegraut, og det var verkeleg godt. Eg og tre andre vart liggjande på dette romet eit par dagar, og me fekk litt betre mat enn før, men ikkje meir. Så bar det attende til det gamle romet og den vanlege kosten. Men snart var me atter på flyttefot.

I fangeleiren på Espeland

Me vart førde til fangeleiren på Espeland. Endå om kjeftbruken var den same, og ingen ting rett eller godt nok for vaktene, så gjekk det føre seg ei mest umerkande avslapping i den verste jaginga. Det vart også noko lettare å lura til oss litt mat av ymse slag. Vaktmannskapet hadde sjølvsaagt eige kjøkken, og kosten deira av ein annan klasse enn vår. Frå vaktkjøkkenet vart det oftast noko avfall. Ein hadde funne ut at dette avfallet skulle nyttast til grisefør, og derfor var det plassert ein solid kasse utanfor kjøkkenet til grisematen. Her kunne me når vaktene ikkje hadde augo på oss, rapsa til oss heile og halve brødiskiver, og stundom kokte bønner. Eg hugsar at ein gong i forbifarten fekk eg tak på 4 - seier og skriv *fire* - bønner. Men snart vart rapsinga oppdaga og dermed kom det ein diger hengjelås på kassen. Grisematen måtte bergast!

I nov. 1948 skreiv overlækjar Jon Leikvam i "Morgenbladet" at ein del av fangane fekk vatn i kroppen og hovna opp i beina så dei tykte dei gjekk på puter. Nokre utvikla også lamingar og kunne t. d. ikkje gå på hælane. Styremaktene nekta blankt for at dette var tilfelle. Eg *veit* at Leikvam hadde rett. Fleire av oss som var på Espeland, fekk stive kne og ålbogar med vonde kuler. Heller ikkje eg vart spart for slike plager, og til slutt la eg meg rett ned og nekta å stå opp. Leirsjefen og ein annan kar kom farande og brukte ein fæl kjeft - skulda meg for simulering og mangt anna. Men til slutt tok dei til vitet og flytta meg over på eit anna rom. Der låg det frå før folk som hadde same slags plager som eg. Her var maten noko betre, men framleis fekk me svært spartansk kost. Etter at me hadde levd på sveltegrensa i omlag 8 månader, skjedde det eit vendepunkt til det betre i kothaldet. Dessutan fekk me lov til å ta kontakt med heimane våre etter mest eitt år i isolasjon. Men me fekk berre fortelja at alt stod bra til med oss.

Det var sjølvsaagt ulike slags menneske mellom oss fangar. Men aldri har eg møtt så mange harmoniske, tenkjande og fornuftige menneske som i fangetida mi. Storparten hadde god utdanning både i praktisk og teoretisk lei, og dessutan mykje yrkesrøysle. Dette førte naturleg nok til at me såg rett og slett ned på dei som var utanfor piggråden, både personar med og utan

snorer. For me syntest at mange av desse stelte seg ille, var reine søppelet - for å seia det hardt og krast.

Eg minnest at berre ein einaste gong nekta me fangar samla å lyda kommando. Det hadde seg slik:

Ein dag vart me kommanderte inn i eit større rom, med sjefar og væpna vakter sitjande bakerst i salen. Ein uniformert mann med bandolær og pistol i beltet steig opp på talarstolen. Det var visst ein feltprest. Han heldt ein flammande tale om synd og syndsvedkjening, død og forderving. Etter talen vart me oppmoda om å syngja ein salme. Men feltpresten fekk syngja solo!

Me fekk også vitjing av presten Peter Madland eit par gonger. Det var ein mykje folkeleg og gild mann som ikkje var svovelpredikant. På oppmoding frå han song me alle så presten tok til tårene. Men diverre - Madland fekk ikkje koma til oss meir enn to gonger. Truleg var han ikkje på line med dei som rådde over oss. Syndarar skulle me vera, basta!

Men no skulle snart straffesakene mot oss opp for lagmannsretten, og då vart me flytta til den tidlegare tyske marineleiren på Knappen i Fana.

For Gulating lagmannsrett

Då me kom til Knappen, vart tilhøva for oss varetektsfangar merkbar betre. Her var det bl. a. bad med kaldt og varmt vatn og elles godt utstyr. No fekk me endeleg vaska av oss den mest årsgamle skiten. Men klebyte hadde me ikkje. Sidan me syndarar snart skulle for retten, måtte den verste skiten fjernast. Derfor bad og litt betre kost. Nokre kunne dessutan få kort fengsels-traff og snart sleppa ut, og då ynskte ikkje styremaktene at desse skulle sjå altfor miserable ut.

Frå Knappen vart me kjørte til Gulating lagmannsrett, som heldt til i Bergen. Her krydde det av politimenn, både brun- og svartkledde. Alle var i godt lune og strødde om seg med skitord og vitsar på vår kostnad. Men i rettssalen var det stille og høgtideleg. Det glimta i blanke kappeoppslag hos domarar og krisejuristar. Fangane var tildelte forsvarar, oftast personar dei korkje kjende eller fekk menneskeleg kontakt med. For mitt vedkomande snakka ikkje forsvararen min til meg, og ikkje eg til han heller. Dommaren kom med nokre få spørsmål til meg, og hadde gjerne sarkastiske kommentarar til svara eg gav han. Stort sett hadde eg inntrykk av at saka var opplagt og avgjort på førehand. Eg sa meg ikkje skuldig i tiltalen, men vart domfelt i samsvar med påstanden frå aktor. Dommen lydde på straffarbeid i 1 1/2 år og tap av borgarlege rettar for 10 år.

Sjølvsagt var det møtt fram ein del tilhøyrarar. Eg hugsar særleg ei lang, radmager kvinne med kroknase, samansnurpa munn og koneplagg. Ho nikka kvar gong dommaren kom med sarkasmane sine. Scena minna meg om strikkekonene som sat kring skafottet ved avrettingane i Paris under den store franske revolusjonen.

Me som hadde fått dom, vart kalla domsfangar og vart sette inn i ei brakke for seg sjølv i eit hjørne av leiren. Men denne utskiljinga varde berre 14 dagar, så gjekk me om ein annan som før. Disiplinen slappa meir og meir av - berre av og til vart det ei oppfrisking av kjeftinga og jagemetoden. Men snart vart me domfelde sende til straffarbeidsleir.

Siste stasjon for meg

Frå Knappen gjekk turen til Skulestadmo på Voss. Det vart siste stasjon for meg. Hittil hadde me ikkje hatt noko samband med heimane våre. Det gjekk som tidlegare nemnt omtrent eitt år før det vart gjeve løyve til å senda nokre liner på opne og strengt sensurerte brevkort.

På Voss vart tilhøva mykje meir humane. Me vart ikkje lenger sett på som mindreverdige menneske - maten vart betre og rikelegare - og me fekk endåtil utlevert litt skråtobakk. Men å røykja var framleis strengt forbode. Likevel varde det ikkje lenge før me tok til å vaska ut skråtobakken, tørka og reiv han opp. Noko kvast til å karva opp tobakken hadde me ikkje, og skaffety vanta me enno. Så naska me litt dopapir, rulla sigarettar og lurde oss til å røykja. Ein dag fekk eg fylgjebrev på ein pakke heimanfrå. Det var den fyrste og eineste eg fekk. Mor tenkte på meg, endå om det var sers hardt for henne også. Eg beit merke i datoen på fylgjebrevet då eg kvitterte for pakken. Det gjekk så 3 veker før eg fekk utlevert pakken! Då var den eine enden oppeten av rotter, og resten dekkja av tomelang mugg. Vakta slengde pakken inn på golvet med ein flir. Heile pakken måtte sjølvsagt gå rett i søppelkassen. Ordninga med å få tilsendt pakkar vart fylgt, men på ein noko bisarr måte!

Etter at eg hadde sete i 15 månader bak norsk piggråd, vart eg sett fri frå tvangsarbeidsleiren på Skulestadmo. Heimvegen skulle eg leggja om Leirvik hjelpefengsel på Stord og melda meg der for vaktmeister Larsen. I staden for å skriva meg ut sette han meg like godt inn i ei celle saman med ein kriminell. Her fekk eg den fyrste komlemiddagen på 15 månader. Det smaka! Men så klagde eg til fengselsbetjenten på innsetjinga, og neste føremiddag vart eg sendt opp på kontoret til Larsen. Han sa seg sers lei for mistaket, hadde ikkje lese det fylgjeskrivet eg hadde med. Me skildest i beste forståing med eit handtrykk, og eg reiste rett heim til Etne. Mor gret då eg kom.

Ein unggut på austfronten

Norske friviljuge med i regiment "Nordland"

Alt hausten 1940 tok nordmenn til å melda seg friviljug til krigsteneste på tysk side. 12. januar 1941 sende Quisling ut eit opprop der han bad nasjonalsinna nordmenn om å la seg verva: "Alle unge nordmenn, som føler ansvar for fremtiden, bør tre inn som frivillige i regimentet Nordland for skulder ved skulder med de tyske kamerater å gå åpent og aktivt inn for nyordningen i Europa og for det germanske forbund". Oppropet var gjort i forståing med den tyske riksregjeringa.

Dei norske friviljuge vart samla i Standarte (dvs. regiment) Nordland i Waffen SS, i ein serskild divisjon som fekk nemnet Wiking. Denne var skipa for "germanske" friviljuge som gjorde felles sak med det tyske folk. dvs. for skandinavar, hollendarar og flamlendarar.

Krava til opptak var strenge. Aspirantane måtte vera frå 17 til 23 år, av "arisk" rase, og fysisk og åndeleg utrusta i samsvar med vedtektene i SS. Reichsführer Himmler var sjølv til stades i Oslo då den fyrste gruppa av norske friviljuge avla eiden i Oslo 30. jan. 1941. "Vi opptar dere som kamerater og brødre i våre rekke, i rekkene til en avdeling som så lenge den har eksistert, har tenkt germansk og har vært germansk ledet", sa riksføreren i sin helsingstale.

Dei godtekne friviljuge fekk militær opplæring i Graz og Klagenfurt i Austerrike. Disiplinen var streng og treninga hard, for målet var å utdanna elitesoldatar. Over 1000 norske ungdomar melde seg til regiment Nordland, men langt frå alle vart godtekne.

SS divisjon Wiking vart sett inn på sørfronten 29. juni då Hitler gjorde åtak på Sovjetsamveldet sommaren 1941. Under offensiven frå då og fram til august 1942 var divisjonen i fremste lina og nådde lengst mot søraust i Kaukasus av dei tyske styrkane. Men så vart tyskarane tvinga attende under harde kampar heile det neste året. Tilbaketrekkinga for Wiking enda ved Wien i april 1945, der restane av divisjonen gjekk i oppløysing. Då krigen slutta var berre få av dei norske friviljuge frå 1941 i live. "Ingen andre nordmenn har nokon gong vore med på så harde slag med så høg tapsprosent, over så endelause strekningar", skriv major Blindheim i boka "Nordmenn under Hitlers fane".

Sjølvsagt var det møtt fram ein del tilhøyrarar. Eg hugsar særleg ei lang, radmager kvinne med krokase, samansnurpa munn og koneplagg. Ho nikka kvar gong dommaren kom med sarkasmane sine. Scena minna meg om strikkekonene som sat kring skafottet ved avrettingane i Paris under den store franske revolusjonen.

Me som hadde fått dom, vart kalla domsfangar og vart sette inn i ei brakke for seg sjølv i eit hjørne av leiren. Men denne utskiljinga varde berre 14 dagar, så gjekk me om ein annan som før. Disiplinen slappa meir og meir av - berre av og til vart det ei oppfrisking av kjeftinga og jagemetoden. Men snart vart me domfelde sende til straffarbeidsleir.

Siste stasjon for meg

Frå Knappen gjekk turen til Skulestadmo på Voss. Det vart siste stasjon for meg. Hittil hadde me ikkje hatt noko samband med heimane våre. Det gjekk som tidlegare nemnt omtrent eitt år før det vart gjeve løyve til å senda nokre liner på opne og strengt sensurerte brevkort.

På Voss vart tilhøva mykje meir humane. Me vart ikkje lenger sett på som mindreverdige menneske - maten vart betre og rikelegare - og me fekk endåtil utlevert litt skråobakk. Men å røykja var framleis strengt forbode. Likevel varde det ikkje lenge før me tok til å vaska ut skråobakken, tørka og reiv han opp. Noko kvast til å karva opp tobakken hadde me ikkje, og skaffety vanta me enno. Så naska me litt dopapir, rulla sigarettar og lurde oss til å røykja. Ein dag fekk eg fylgjebrev på ein pakke heimanfrå. Det var den fyrste og eineste eg fekk. Mor tenkte på meg, endå om det var sers hardt for henne også. Eg beit merke i datoen på fylgjebrevet då eg kvitterte for pakken. Det gjekk så 3 veker før eg fekk utlevert pakken! Då var den eine enden oppeten av rotter, og resten dekkja av tomelang mugg. Vakta slengde pakken inn på golvet med ein flir. Heile pakken måtte sjølvsagt gå rett i søppelkassen. Ordninga med å få tilsendt pakkar vart fylgt, men på ein noko bisarr måte!

Etter at eg hadde sete i 15 månader bak norsk piggråd, vart eg sett fri frå tvangsarbeidsleiren på Skulestadmo. Heimvegen skulle eg leggja om Leirvik hjelpedefensel på Stord og melda meg der for vaktmeister Larsen. I staden for å skriva meg ut sette han meg like godt inn i ei celle saman med ein kriminell. Her fekk eg den fyrste komlemiddagen på 15 månader. Det smaka! Men så klaga eg til fengselsbetjenten på innsetjinga, og neste føremiddag vart eg sendt opp på kontoret til Larsen. Han sa seg sers lei for mistaket, hadde ikkje lese det fylgjeskrivet eg hadde med. Me skildest i beste forståing med eit handtrykk, og eg reiste rett heim til Etne. Mor gret då eg kom.

Ein unggut på austfronten

Norske friviljuge med i regiment "Nordland"

Alt hausten 1940 tok nordmenn til å melda seg friviljug til krigsteneste på tysk side. 12. januar 1941 sende Quisling ut eit opprop der han bad nasjonalsinna nordmenn om å la seg verva: "Alle unge nordmenn, som føler ansvar for fremtiden, bør tre inn som frivillige i regimentet Nordland for skulder ved skulder med de tyske kamerater å gå åpent og aktivt inn for nyordningen i Europa og for det germanske forbund". Oppropet var gjort i forståing med den tyske riksregjeringa.

Dei norske friviljuge vart samla i Standarte (dvs. regiment) Nordland i Waffen SS, i ein serskild divisjon som fekk nemnet Wiking. Denne var skipa for "germanske" friviljuge som gjorde felles sak med det tyske folk. dvs. for skandinavar, hollendarar og flamlendarar.

Krava til opptak var strenge. Aspirantane måtte vera frå 17 til 23 år, av "arisk" rase, og fysisk og åndeleg utrusta i samsvar med vedtektene i SS. Reichsführer Himmler var sjølv til stades i Oslo då den fyrste gruppa av norske friviljuge avla eiden i Oslo 30. jan. 1941. "Vi opptar dere som kamerater og brødre i våre rekke, i rekkene til en avdeling som så lenge den har eksistert, har tenkt germansk og har vært germansk ledet", sa riksføreren i sin helsingstale.

Dei godtekne friviljuge fekk militær opplæring i Graz og Klagenfurt i Austerrike. Disiplinen var streng og treninga hard, for målet var å utdanna elitesoldatar. Over 1000 norske ungdomar melde seg til regiment Nordland, men langt frå alle vart godtekne.

SS divisjon Wiking vart sett inn på sørfronten 29. juni då Hitler gjorde åtak på Sovjetsamveldet sommaren 1941. Under offensiven frå då og fram til august 1942 var divisjonen i fremste lina og nådde lengst mot søraust i Kaukasus av dei tyske styrkane. Men så vart tyskarane tvinga attende under harde kampar heile det neste året. Tilbaketrekkinga for Wiking enda ved Wien i april 1945, der restane av divisjonen gjekk i oppløysing. Då krigen slutta var berre få av dei norske friviljuge frå 1941 i live. "Ingen andre nordmenn har nokon gong vore med på så harde slag med så høy tapsprosent, over så endelause strekningar", skriv major Blindheim i boka "Nordmenn under Hitlers fane".

“Den norske legion“

Større fart i vervinga av norske friviljuge til tysk krigsteneste vart det etter at Hitler den 22. juni 1941 sette i gang åtakket på Sovjetsamveldet. Ein kraftig propagandaoffensiv retta mot norsk ungdom vart gjennomført. Quisling la fram ein plan om at 30000 nordmenn skulle setjast inn i Finnland til kamp mot erkefienden ”bolsjevismen” og utgjera grunnstammen i ein ny norsk hær. I slutten av juni vart så ”Den norske legion” skipa etter initiativ frå Berlin og drøftingar mellom Reichskommissar Terboven og Quisling. Tiltaket hadde stor framgang, for innan utgangen av des. 1941 hadde over 1900 norske friviljuge meldt seg, og ca. 1000 av desse vart godtekne og sende til Tyskland for utdanning og trening.

Vervinga vart leia frå sentralt hald, men det var også rom for lokale initiativ utover i landet. Såleis sette den tyske kommandanten på ettersommaren 1941 inn fylgjande kunngjering i bergensavisene:

“Nordmenn i den tyske krigsmakt

Av den norske befolkning er det ytre ønske om å kunne kjempe skulder ved skulder sammen med Tyskland for et nytt Europa, ikke bare i SS Standarte Nordland og Den norske Legion, men også i den tyske krigsmakts rekker. Der Führer og øvstbefalende for den tyske krigsmakt, Adolf Hitler, er nu gått med på dette ønske. Hermed har enhver frisk, vernedyktig nordmann adgang til å tre inn som soldat i den tyske krigsmakt. For vedkommende står det fritt å velge mellom hæren, marinen og luftvåpnet, hvis det ved lægeundersøkelse viser sig at han har de tilsvarende fysiske egenskaper. Det forutsettes en plettfriandel og en korrekt oppførsel før og efter 9. april 1940.

De som søker, må forplikte sig for et fastsatt tidsrom. Etter å ha avtjent den tiden de har forpliktet sig til, kan de venne tilbake til sitt sivile forhold. Vedkommende beholder sitt norske statsborgerskap i tjenestetiden.“

Avisene hadde store oppslag om at den norske avdelinga skulle hjelpe Finnland, liksom dei norske friviljuge i krigen mellom Sovjetsamveldet og Finnland des. 1939 - mars 1940. Rett nok kom få nordmenn den gongen fram til finskefronten under Vinterkrigen før Finnland laut gå til forhandlingsbordet og gjera fred med Sovjet på harde vilkår. Vervekampanjen bar som nemt god frukt, men slett ikkje så mange melde seg at Quislings planar kunne oppfyllest, omkring 1000 mann. Det vart ikkje kravd NS medlemskap eller sett andre ideologiske vilkår. Mange norske offiserar hadde skrive under på ein appell til norsk ungdom om å la seg verva og koma Finnland til hjelp.


Desse omlag 1000 norske friviljuge vart samla i eit læger på Gulslogen ved Drammen og organiserte som «bataljon Viken» under norske offiserar. Det vart drive eksersis etter norsk reglement og med norsk kommandospråk. Rekruttane fekk utdelt tyske uniformer, men tyske symbol vart rivne av og norsk flagg sydd på i staden. NS-helsing vart ikkje nytta, og det skulle snakkast minst mogeleg om Quisling. Det var heller ingen tyskarar til stades i leiren. Det er såleis liten tvil om at mange friviljuge oppfatta bataljonen som ei politisk nøytral norsk avdeling, som skulle hjelpe det finske folket i deira kamp for å vinna att dei landområda som med vald og makt vart tekne i Vinterkrigen 1939-40. Før rekruttane vart sende til Tyskland, måtte dei skriva under på ein kontrakt der kvar mann forplikta seg til teneste i utlandet i 5 månader.

Militær opplæring i Tyskland

Bataljonen vart send til Fallingbostel, ein liten by på Lüneburgerheide nord for Hannover. Her skulle rekruttane utdannast og trenast til å verta tøffe frontsoldatar. No fekk dei greie på at Legionen skulle vera bunden av tyske militærlover og tyske reglement, og dei norske offiserane fekk tyske Beratar (dvs. rådgjevarar). Uniformene var også tyske, men med norsk løve på kragen i staden for SS-merket, og eit norsk flagg på uniformjakkeerna. Sidan det ikkje rådde krigstilstand mellom Noreg og Sovjetsamveldet, kunne dei norske friviljuge ikkje etter folkeretten bruka norske uniformar ved fronten. Legionen gjekk inn som ei avdeling i Waffen SS. Fram til 10. des. hadde Legionen norsk stab, men frå då av overtok tyske offiserar leiinga.

Rekruttane fekk tyske instruktørar, for dei skulle utstyrt med tyske våpen, og måtte då få opplæring i bruken av desse. Resultatet vart at tysk språk dominerte under heile treningstida og seinare ved fronten. Dette var også nærmast sjølvstøtt av di legionen måtte gå inn i ei tysk operativ eining, Kampfgruppe Jeckelen. Det same opplevde forresten dei norske rekruttane i Skottland. Der var det engelske uniformer, engelske våpen og krigstaktikk dei lærte, og kommandospråket vart naturleg nok engelsk.

Treninga i Fallingbostel var hard og krevjande, og ikkje så få av dei friviljuge gav opp og drog attende til Noreg. Derfor vart Legionen redusert til ein forsterka bataljon på tre geværkompani, med eitt maskingevær (mg 34) i kvart lag og to lette bombekastarar pr. kompani. Som forsterkning tente eit pansarvernkompani utstyrt med 37 mm kanonar, og dessutan eit kompani med tunge maskingevær og bombekastarar. Elles hadde Legionen hestetren og ein del bilar og motorsyklar til disposisjon.



Kartskisse over Leningradområdet 1942. Målestokk: 1 cm = 1 km.

Til Leningradfronten

I desember 1941 var utdanningstida slutt, og Legionen sendt til byen Stettin ved Austersjøen. Istilhøva i Austersjøen på etterjulsvinteren var vanskelege for transport med sskip, og legionæraane vart derfor liggjande i Stettin og venta fleire veker på overføring til Finland. Men dit kom dei aldri!

I slutten av februar 1942 vart Legionen frakta frå Stettin med transportfly, 110 Junker 52-fly, over Königsberg og Riga til Luga i Estland, og så med tog fram til Leningradfronten. Kring 1. mars var heile Legionen på plass i skyttargravene, der soldatane hadde utsikt til den halvvegs omringa Leningrad, ein by tyskarane aldri skulle greia å innta. Før legionæraane drog frå Fallingbostel, måtte dei avleggja eid til Adolf Hitler som øverste krigsherre. Ein del av dei nekta blankt å gjera det.

Ein kan undrast over kvifor legionæraane hamna ved Leningradfronten og ikkje i Finland. Hovudgrunnen har mest sannsynleg hatt samband med at sovjetstyrkane i jan. 1942 hadde sett inn eit kraftig åtak nord for Novgorod for å sprenga den jernringen tyskarane hadde lagt rundt Leningrad, og hadde brote den tyske nærblokaden ved Leningrad den 12. februar 1942. Den tyske hærleiinga kasta inn alt det som fanst av soldatar for å halda fronten. Både den flamske og den hollandske legionen vart sette inn, og leid store tap. Men armésjefen på Leningradfronten heldt tilbake den danske og den norske legionen, fordi tyske offiserar meinte at mannskapa ikkje var skikka til så hard frontteneste like etter at dei var komne til fronten.

Himmeler var usamd, og søkte støtte hos Hitler, som lova å ordna saka. I slutten av febr. overtok så Den norske legionen eit rolegare frontavsnitt og avløyste utslitne tyske soldatar.

Elles veit ein i dag at dei finske styremaktene ikkje utan vidare var oppglødde over utsiktene til hjelp frå norske frivillige. Finland var nemleg ikkje i krig med dei allierte og Noreg, og dei finske styremaktene ynskte ikkje å ta stilling til den interne norske konflikten (dvs. tilhøvet mellom den norske regjeringa i England og det tyskstøtta NS-styret i Noreg). Derfor gjorde ikkje finnane innvendingar mot at nordmennene kom til Leningradfronten. Ei slags trøyst var det kan henda at dei norske soldatane kunne sjå over til Finland frå stillingane sine framføre Leningrad!

Frå småsamfunn til skyttargrav

Mellom dei som låg i skyttargravene denne sprengkalde vinteren, var den 19 år gamle Alf Rødseth, oppvaksen i Ålvik. Frå 1947 har han vore busett i Etne.



Alf Rødseth under militær opplæringa i Fallingbostel ved Hannover, sept. 1941.

Alf Rødseth førte dagbok frå 18. januar til 19. mai 1942, og denne har han gjeve skriftstyret løyve til å prenta in extenso.

Krigsdagbok 18. januar - 19. mai 1942

- 18-1-42 Reiste fra Fallingbostell.
- 19-1 Kom til Stettin. En meget bra by.
- 20-1 Kom til Riga med fly fra Königsberg med en overnatting i Dorpat kl. 24.
- 27-2 Reiste fra Dorpat kl. 11 etter en overnatting i et iskaldt hus. Minus 30. Køene bestod av våt halm. Ankom Narva kl. 17 hvor jeg overnattet.
- 28-2 Kl. 8. 35 passerte den russiske grense.
- 1-3 Ligger 5 km bak fronten. Overnattet i "Sovjetparadiset": tømmerhytter, vinden blåser tvert gjennom veggene.
- 2-3 Reiste til fronten i kveld kl. 18. 00. Arbeidet halve natten med å trekke ammunisjon og miner på kjelke fram til bunkersene hvor kompanistaben skal holde til. Jeg er så trett at jeg nesten stupet.

Tida gikk fort, og før jul var bataljonen utdanna og klar til å gjera frontteneste. Før dei drog til fronten, var det eidsavlegging. Alf hørte til den gruppa som ikkje ville gjera eid til Hitler. Den saka vart elles løyst ved eit kompromiss.

Transporten av Legionen med fly frå Stettin til Riga vart ei kald oppleving. Flya hadde ikkje innreiing for passasjerar eller isolasjon mot kulda, og temperaturen i lasteroma var langt under null. Dei fyrste nettene nær fronten vart også eit sjokk. Temperaturen var ei natt nede i minus 48 grader!

- 3-3 Har hugget ved og hatt min første natt ved fronten. En del artilleri i virksomhet. Venter med lengsel på mathenterne. Har ikke spist på 12 timer.
- 4-3 Russerne har i hele dag bombardert oss med bombekastere. En fikk ikke gjøre annet enn å kaste seg ned. I dag falt 2 mann, den ene var min venn Holmen. Flere sårede. Jeg var ute med min første melding. 20 timer uten mat.
- 5-3 Var en strålende dag, rene påskeværet. Var med en melding til bataljonen, og saget ved til kaptein Finnson. Har vakt fra kl. 5-8 og 22-1 og 11-13.
- 6-3 Sov 3 timer i natt, og frøs så på beina på vekten at jeg er ikke riktig frisk. En russisk overløper kom til oss i dag. Russiske mg. har knitret over oss i ett kjø.
- 7-3 Var sammen med Hodt, Johansen og Larsen og drog tankminer på kjelke fra bataljon(ens) Gefechtstand og opp til vår bunkers. 30 miner på to kjelker. En meget farlig jobb, da granatene eksploderer rundt oss. I dag er det vakt igjen, men det er kommet 3 mann til, så vaktene blir ikke så lange.
- Søndag
- 8-3 Var med 2 meldinger til bataljonsadjutanten. Hentet mat, hadde i grunnen en pen dag. Skrev hjem. Liten virksomhet hos fienden.
- 9-3 Var 2 ganger fremst i stillingene, først med Finn Hodt, og senere var jeg veiviser for 2 pionerer som skulle vise kanonmannskapet hvordan de skulle legge ut tankminer. Jeg så russerne tydelig borte i stillingene og affyrte noen skudd.
- 10-3 Natt til tirsdag reiste jeg ut til fremste ildlinje, og ble plassert i 5. kp. 1. tropp, 1. lag som mg- og geværskyter. 5. kp. er et kompani oppsatt av folk som foreløbig kan unnværes fra pakk. og 4. kp. Vi ligger i skyttergraver 150-400 m, det nærmeste 80 m fra russernes stillinger, som er en fremskutt stilling.

Polkovahøydene

- 11-3 Har hatt min første vakt foran fienden. Mg. knitrer. Lysbombene lyser opp ute i ingenmannsland og granatene eksploderer. Kulene hviner over meg på vekten.
- 12-3 Det er noen kalde og dårlige jordhuler vi ligger i. Ute er det 30 minus, og døren er et gammelt ullteppe, og store åpninger i veggene. Stod vakt ved mg. Hadde allarm i natt.

- Lørdag
28.mars I dag ble jeg uttatt som skytter ved mg. Så nå slipper jeg dagvaktene.
- Søndag
29.mars Tyske fly bombarderer Leningrad hver eneste natt. Vi kan se fra våre stillinger store eksplosjoner og branner.
- Mandag
30.mars Frosten er nå kommet igjen så en slipper den verste søla.
- Tirsdag
31.mars I dag ble en mann skutt og en hardt såret i 3. kp. Vår mg-stilling er flyttet ned til 3. kp. Vi har fått tildelt den mest utsatte stillingen i hele bataljonens avsnitt. Russiske lik ligger i dunger 10 m foran oss. Av 3. kp. er det bare en tropp igjen. 5. kp. har overtatt et område av 3. kp. enda vi er altfor lite folk til å holde våre egne stillinger. De såkalte offiserer vi har er helt galne og så feige at de tør ikke bevege seg i skyttergravene. De ødsler med legionærenes liv på det skammeligste.
- Onsdag
1. april Vi arbeider dag og natt med å grave isen opp av bunnen i skyttergravene våre, vasser i issøle over støvlene. Gravene skal være ferdige innen den 10. april, da håper vi på avløsning. Guttene er helt utslitt. Jeg har fått bronkitt og hoster noe forferdelig.
- Torsdag
2. april Arbeidet med gravene går sakte fremover. Vasser i issørpe når vi går på vaktavløsning til mg-stillingen. Er våt før en kommer fram på beina, og så stå stille i 2 timer på vakt.
3. april Hadde allarm i natt.
4. april Det største flyangrep jeg har sett foretatt på Leningrad i dag og i natt. I kveld kl. 12 fikk vi avløsning av tyske tropper. Vi ble kjørt bak fronten 6 km.
5. april Det blir ikke noen hvile på oss likevel. I dag blir vi sendt til et nytt frontavsnitt. Vi er helt utslitte og forbanna.
- Uritsk**
Søndag
6. april Våre nye stillinger ligger bra til med pene bunkerser, vi ligger ved Rollbahn (motorvei) 4 km fra havnen i Leningrad. Er vakt ved en erobret russisk mitraljose.
7. april Pent vær, strålende sol. Jeg har vært i soldatbad og badet og skiftet skjorte for første gang på 3 1/2 måned.

- Onsdag
7. april 1942. Alt er rolig, bare litt mg-ild fra russerne om natten.
- Torsdag
9. april Nå tiner snøen slik at skyttergravene og bunkersene er rennt fulle av vann. Vi har måttet trekke oss 200 m tilbake. Vi bor nå i kjelleren på en sønderskutt ungdomsskole (eller slott?). Hadde mg-vakt langt framme foran våre linjer. Første vakt jeg hadde alene. Siden var vi to mann vakt om gangen.
- Fredag
10.april Nå har vannet oversvømmet landskapet mellom oss og russerne. Det består av myrer. Vi har bare korte snørestøvler og vasser rundt i issørpe, klissvåte på beina. Har ikke sovet en time i natt, og får vel ikke sove neste natt heller. Skal på vakt om 1 1/2 time.
- Lørdag
11.april I dag regner det, våre gamle stillinger er helt oversvømmet av snøvann hvor det ligger lik og flyter.
- Søndag
12.april Vi har flyttet fra slottskjelleren til en nokså koselig russerstue. Vi har nå fine dager: 3 timer mg-vakt om natten og 2 timer om dagen. Her er herlig vårvær med en varm og strålende sol. Hadde børsepuss i dag - børsa så fæl ut. Det tyske artilleriet bombarderte Leningrad kraftig i natt. Russerne forsøkte seg litt med bombekastere.
- 13.april Vi har gode dager nå. Pent vær, lite kanonader.
- Mandag
14.april Det er falt 3 gutter i 2. kp. som ligger til høyre for oss.
- Tirsdag
15.april Vi har fått ny løytnant da løytnant Marstrander er tilbakeflyttet til bataljonsstaben. Høve heter den nye sjefen vår.
- Onsdag
15.april I natt ble vårt store håp kaptein Berg drept da han sammen med 40 mann var ute som støttropp til de russiske linjene. Kaptein Berg fikk begge bena skutt av. 8 av våre gutter fikk fotbladene avskutt. Noen mistet det ene benet. 12 mann falt, blant dem en av mine beste kamerater, Normann Kristiansen Sæther.
- Torsdag
16.april Russerne bombarderte oss med artilleri, som gjør liten virkning.
- Fredag
17.april I dag ble en av mine kamerater i laget vårt. Nils Ingemar Nerisen, såret av en granatsplint i leggen. Saniteten kom først etter 8 timer. Nerisen

- 17 år - var en skikkelig viking, lå og skrev dagbok og vitset, enda et stort stykke av leggen var borte. Saniteten er en skandale som så mye av legionen.

Lørdag

18.april Ble hardt beskytt av russisk artilleri mens Lindhagen og jeg arbeidet på mg. i en trikk.

Søndag

19.april Har 2 timer arbeidskommando hver dag med å grave i skyttergraver. 2 estlandske frivillige overløp til russerne. En stund etterpå talte russerne til oss og lovert at vi skulle lære det russiske artilleriet å kjenne. Etterpå ble Internasjonalen spilt.

Mandag

20.april I dag er det Hitlers fødselsdag. I den anledning bombarderte det tyske artilleriet Leningrad i 3 timer. Men russerne holdt også ord. Vi har lært det russiske artilleriet å kjenne. Granatene regner rundt oss, og flyene bomber, så det er et helvete uten like.

Tirsdag

21.april Vi har flyttet ut til de gamle stillingene våre med mg-ene våre. Russerne bombarderer oss dag og natt. Mg-en vår vil ikke gå, sluttstykket er gåen, løser bare enkeltskudd. Kommer det angrep nå, så er det ikke godt å si hvordan det vil gå. I kveld er alt så mistenkelig.

Onsdag

22.april 1/2 4 i dag ble det slått allarm. Russerne forsøker å erobre stillingene våre. Det regner med bomber og granater. 1. tropp av 2. kps graver er helt gjengrodd. Jeg har en glimrende utsikt over kampområdet fra stillingen min. Russernes hovedangrep var rettet mot 1. og 3. kp. som hadde 8 falne, 12 hardt og 6 mindre sårede. Hos oss er ingen falne eller sårede unntatt sersjant Meidell som fikk en granatsplint i baken. Jeg er på observasjonspost nå kl. 18. 00 - 20. 30 alene fremst mot de russiske linjer. Nå begynner den russiske høytaleren å snakke til oss på norsk, skjeller oss ut for forrædere, barbarer og røvere. Men om vi vil komme over til dem, så så skal vi få det så godt så.

Torsdag

23.april I dag holdt jeg på å bli tatt av de russiske bombekasterne da russerne oppdaget meg på observasjonsposten. Vi skal i dag flytte ned til skyttergravene våre, da vannet er seget vekk. Noen av bunkersene er der en del vann i enda.

Fredag

24.april Mg-laget mitt slapp å flytte ned til graven, ikke alle bunkersene er brukende. Det svirrer daglig rykter om avløsning.

Lørdag

25.april Russerne bombarderte oss en del, ellers har vi pene dager.

Søndag

26.april I dag fikk vi kantinevarer. Og Andersen var kanon full og gikk på harejakt i ingenmannsland. Lindhagen og jeg var også godt på 'an. og skjøt på blink på tankminer. En begynte å brenne før den eksploderte. I dag er jeg overflyttet til pakk-kanon. Vi er 3 mann med den og ligger i stillingen til 2. kp.

Mandag

27.april Å ligge i stilling med pakk. kanoner er fine dager, nesten ikke vakt, 2 timer om natten, og da er en for det meste inne. Ikke dagvakt. Bunkersen vi ligger i, er meget bra. I køene har vi verdens beste springmadrasser. Russerne ble hardt bombardert av vårt artilleri, men ingen ild fra russerne.

28.april Det har gått store rykter om at jeg er falt i 3. kp. Mange gutter fra pakk. spør meg forbauset om jeg ikke er død.

29. april I dag falt Skogen sammen med 3 andre legionærer i 3. kp.

30. april En del artilleri i virksomhet hver dag, især er l. G - skytset hissig, med betjening fra pakk.

31.april (!) Fikk i dag 4 brev hjemmefra. Et fra far, to fra Olav og (et fra) Arne. Vi venter stor artillerivirksomhet og angrep fra russerne i natt. Og i morgen, da er det 1. mai. Merkelig nok, russerne holdt seg i ro i dag. Lite artilleri-ild, ellers alt rolig. Russerne har fått vodka og synger fulle borti stillingene sine.

2. mai. Det er koselig liv å ligge i stilling med pakk-kanonen. En bare sover og spiser, går på gjeddejakt i en liten bekk som renner her forbi. Med pistol og håndgranater. Vi har to timer vakt om natten, men da kan en sitte i bunkersen og lese, spise e. l.

3. mai Russiske fly har nettopp bombet, så det har oppstått branner i sivilhus. Et kvarter igjen, så får jeg avløsning av Alseth. Kl. er nå 23. 45.

4. mai Jeg har det rolig nå om dagene. Hente maten er eneste arbeidet jeg har.

Lørdag

13. mai Quisling og Risnes var her i dag. Det var lite oppmuntrende de hadde å fortelle oss. Noen avløsning eller perm. blir det ikke. Vi skal være her til Leningrad er stormet.

Når den er falt, skal vi fortsette på andre fronter i Russland.

- Søndag
14. mai 1 dag så jeg 4 russiske fly som ble skutt ned av det tyske Flak. Det var 4 tremotors bombeplan. De styrtet brennende ned ved våre stillinger. 2 flyvere hoppet ut i fallskjerm. En overløytnant ble skutt av noen legionærer da han begynte å skyte med pistol. Den andre - en løytnant - ble tatt til fange.
- Mandag
15. mai Russiske fly bomber litt hver natt, men oppnår bare å lage branner i sivile hus i byen bak oss.
- Tirsdag (!)
- Onsdag
17. mai 1 dag fikk vi norsk tobakk og sigaretter. Det russiske artilleriet lagde 17. mai salutt for oss.
- Torsdag
18. mai 1 dag ble kompanisjef Lindevig såret i benet, så nå har vi mistet de beste offiserene våre.
- Fredag
19. mai En av guttene i 2. kp. løp over til fienden i natt. Det var tett tåke og lett for ham å komme seg over. Samtidig kom det en russisk overløper til oss - en sersjant. Han fortalte at russerne gjør forberedelser på et angrep på oss. Da russerne antagelig får viktige opplysninger av den norske overløperen, venter vi å få forsterkninger fra tyskerne, da bare en liten del av legionen er kampdyktig og holder det samme avsnitt vi hadde da hele legionen var kampklar. Vi hadde allarmberedskap i natt. -

Dei siste månedene av fronttenesta til Alf Rødseth

Dagboka gir ei realistisk skildring av stillingskrigen på dette avsnittet av Austfronten. Soldatane levde under umenneskelege tilhøve og eit konstant pres frå sovjetstyrkane. Men i den sovjetiske strategien hadde likevel ikkje Leningrad-området prioritet, for oppgåva der var førebels berre å halda frontlina etter som ein visste at tyskarane ikkje lenger kunne makta å setja i gang nokon avgjerande offensiv mot Leningrad. Dei sovjetiske tropper heldt hovudsakleg oppe presset mot dei tyske linene for å binda så store fiendlege hærstyrkar som mogleg. På føresommaren sette dei derfor inn eit større åtak og braut gjennom dei tyske stillingane ved Staro Panavo i juli. Men reservestykrar vart ikkje sette inn som kunne utnytta gjennombrøtet. Dermed stivna fronten til att.

Alf Rødseth fortalde i sommar (1995) litt om sine opplevingar frå mai til okt. 1942, dvs. om tida ved fronten etter at det vart slutt med dagbokskrivinga:

“ Legionen ble flyttet til nye stillinger ved Polkovohøydene igjen sist i mai. Vi var tre ungdommer som ble liggende igjen med en panservernkanon i et tysk kompani. Det skjedde ikke så mye:

Den norske overløperen (se dagboka for 19. mai) snakket stadig til oss i høytaler. Tyskerne forstod ikke språket. General Jeckelen kom ut på besøk til oss soldater en dag.

Etter noen uker ble jeg flyttet til Konstantinovska som ordonnans og melder til de tre PAK-kanonene og de tre IG-kanonene vi hadde igjen i Oritsk. Og så gikk jeg på et gassvernkurs hvor jeg lærte om hvordan vi skulle hjelpe oss i tilfelle gassangrep.

Nå hadde jeg rolige dager, bortsett fra noe brannslukking når russerne av og til beskjøt landsbyen.

Men i slutten av juli smalt det ordentlig over hele landsbyen! Russerne brøt gjennom i Oritsk. Kompanisjefen og jeg ut i en fart. Det ble samling i kompanistaben. Ingen telefonforbindelse med Oritsk lenger. Jeg ble sendt ut alene for å finne ut hva som skjedde. Først måtte jeg da gjennom en sperreild på en stor slette. Møtte så tre soldater fra en lettisk bataljon, med forbindinger som slang rundt dem. Jeg sprang til for å hjelpe, men det føltes som de ikke så meg. Well, jeg måtte videre. Men det var så mye røk og mengder av eksplosjoner at jeg observerte svært lite. Men jeg kunne i alle fall rapportere tilbake at russerne hadde satt inn panservogner. Av den lettiske bataljonen overlevde 7 - og jeg hadde møtt 3 av disse!

De tre PAK-kanonene våre med kaliber 3. 7 cm ble for små mot russernes T. 34 panservogner. En av kanonene ble skutt i filler, de to andre overkjørt og valset ned.

De fleste av kanonmannskapene klarte å ta seg fram til Konstantinovska. De ble sendt ut på patrulje, og jeg fulgte dem for å gå tilbake med meldinger. En gang ble guttene et par døgn der ute, så jeg kunne ikke finne dem da jeg skulle levere maten. Jeg måtte fram og tilbake gjennom sperreilden.

Så en dag kom tysk panser og stormkanoner og slo russerne tilbake. Jeg var glad for å slippe å være med på dette.

I august en gang ble restene av kanonmannskapet, kompanisjefen og jeg sendt ut til 2. kompani som forsterkning. Dermed ble det skyttergravskrig igjen med gjørme, slit og plagende sult.

Men flere plager fulgte: jeg fikk fryktelig med lus. Tidlig i oktober ble jeg såret og sendt til feltlasarett bak fronten hvor vi ble bombet om nettene både



Pansergrenader Alf Rødseth fotografert i skyttargrava ved Uritsk på Leningradfronten sept. 1942.

med spreng- og brannbomber. Et lite tysk fly ble skutt ned og styrtet på skrå inn i veggene på lasarettet. Fra senga mi så jeg gjennom vinduet at ene vingen ble revet av. Jeg lå nær døren som stod åpen, og så sanitetene komme bærende med de to flygerne, og spurte om de levde. De er døde, var svaret.

Etter en drøy måned under slike forhold ble jeg sendt til krigslasarett i Riga med tog.

Såra - dimmitert.


Fengsling og soning

Toget var fullasta med såra, lemlesta og døyande soldatar. Alf hadde nok komme seg så pass at han sat oppe under transporten i motsetnad til dei mange stygt tilreidde soldatane som låg i lasarettvognene. Han tykte det var trist å skiljast frå kameratane i

Legionen. Der hadde han lika seg så godt, funne eit triveleg miljø med sterkt samhold og ekte vennskap. Aller helst ville han tilbake til kameratane ved fronten. Men den fysiske tilstanden hans forbaud vidare frontteneste - i alle høve førebels. Han hadde forfroset beina, som hovna stygt opp, og i tillegg til sårskaden i foten sat det ei splint i halsen.

Ved juletider fekk han permisjon og reiste til Noreg gjennom Sverige. No fekk han som rekonvalesent plass på Frontkjemparheimen ved Oslo, og seinare vart han overført til eit tysk lasarett i hovudstaden. Etter operasjon der og ei kort rekonvalesenstid drog han ein snartur heim til Ålvik.

I mars 1943 var han stort sett restituert og kunne utskrivast frå sjukehuset. Dermed var permisjonstida slutt, og han fekk då ordre om å melde seg i samleleiren Mittau ved Riga. Seinare var det transport til Grafenwöhr, ein treningsleir i Bayern. Saman med andre veteranar fekk han oppmøding om å gå inn i ei ny frivillig norsk avdeling - Pansergrenaderregiment Norge, for Legionen var trekt ut frå fronten våren 1942 og oppløyst. Då hadde 158 nordmenn falle på Leningradfronten og nokre var sakna.



Diplom med takk for kompinnsatsen, underskriven av Quisling og kansellisjefen hans A. Lundegaard.

Alf var ikkje interessert i meir krigsteneste under tysk kommando og avslo tilbodet. Men korkje tyskarane eller NS-leiinga ville utan vidare gje slepp på dei dimmiterte norske frivillige. Derfor vart legionæranne utsette for press og sterkt oppmoda til å binda seg til vidare krigsteneste, subsidiært ta på seg andre oppgåver for NS eller okkupanten i heimlandet. Omlag 300 av veteranane melde seg til ny frontteneste.

Men for Alf Rødseth var den aktive krigsteneste til ende. Han vart om sider dimmitert og sendt til Oslo med det illgjette transportskipet "Monte Rosa" i mai 1943.

Heller ikkje som sivil fekk han utan vidare avgjera si framtid. Han fekk bl. a. oppmøding, nærmast ordre, om å gå inn i Statspolitiet, men nekta blankt. Han var klar over at

Statspolitiet tente som politisk reiskap for okkupanten og NS. Og den slags var han no fast bestemt på å halda seg godt klar av. Derfor valde han å arbeida i den offentlege organisasjonen som var minst prega av NS, Arbeidstjenesten. I denne tenestgjorde han dei to neste somrane som lagfører. Samtidig brukte han tida til å skaffa seg fagutdanning. Derfor tok han hausten 1943 til på A. T. landbruksskole på Sønsterud, det 2-årige vinterkurset, og avla eksamen der i april 1945.

Resten av saga hans i krigsåra er snøgt fortalt: 7. mai vart Alf Rødseth arrestert heime i Ålvik, transportert med ei skøyte til Eitrheimsneset og sett inn i tunnelen (sjå om Johannes Winje framføre) saman med mange andre. Her sat han ein månads tid. Han hugsar at nokre av vaktene morska seg av og til: "Det er lett å vera modig når det ikkje er fare på ferde, "seier krigsveteranen lakonisk. Men han hadde opplevd verre tilhøve enn lite mat og kaute vakter i Odda. I Krinsfengselet i Bergen, der han sat i varetekt til nov., var det rett nok lite mat, men ingen sjikane av fangane såg han der.

4. Det kommunale selvstyre omlegges, og kommunene undergis effektiv statskontroll.
5. Lov og rett hevdes uavkortet. Staten overtar alt politi. Korrupsjon og uhederlighet bekjempes strengt. Det skapes vrtdnad for domstolene. Legfolks rett til deltakelse i rettsavgjørelser innskrenkes.
7. Frivillig arbeidstjeneste innføres for all frisk ungdom for å styrke solidaritetsfølelsen og som et ledd i arbeidet for å bygge landet.

II. Arbeidslivet.

8. Rett og plikt til arbeid for alle.
11. Lockout og streik forbys. En arbeidets lov fastsetter arbeidsgivernes og arbeidernes rettigheter og plikter, deres innbyrdes samarbeid og bestemmer hvorledes interessetvister i arbeidslivet skal avgjøres...
12. Arbeidsløsheten bringes til opphør med alle gagnlige midler etter en landsomfattende arbeidsplan.
14. Kapitalen skal tjene arbeidslivet. Rentebyrden lettes. Skadelig spekulasjon og urimelig arbeidsfri inntekt hindres. Spareinnskudd og alders- og livstrygd sikres.
15. En nasjonal bondepolitikk som trygger en fri, selveiende bonde- og småbrukerstand, sikrer landets matforsyning og letter nydyrking og bureising.
16. Skogsaken fremmes i stor målestokk. Skogrekruttskoler opprettes.... jevnt arbeid året rundt for skogsarbeiderne. Disses kår skal bedres, deres adgang til å bli selveiere lettes.

III. Individet, slekten og folkehelsen.

20. Familien og hjemmet vernes. Vrtdnaden for kvinnens virke i hjemmet og for morskallet høines. Politisk, rettslig og yrkesmessig likestilling mellom mann og kvinne. Barnetrygd gjennomføres og folketrygd for gamle og uføre.
21. Folkehelsen styrkes ved bedre hygiene og bedre boligforhold, ved å motarbeide alkoholmisbruk og opphjelpe sunn folkeidrett. Vern om folkeætten, vaneforbrytere og arvelig sterkt belastede personer, som etter sakkyndiges mening ikke kan få sunne barn, berøves forplantningsevnen. Strengere kontroll med utlendingers oppholdstillatelse og innvandring.

IV. Skole og åndsliv.

22. Kristendommens grunnverdier vernes.
23. Bedre skoleutdannelse på kortere tid, med større vekt på karakterdannelse, samfundsånd, kroppsutvikling og det praktiske livet.... Ved stipendier bekoster staten den høiere utdannelse av særlig begavet ungdom.
24. Fritt åndsliv med organisert selvstyre under statens tilsyn og kontinuerlig økonomisk støtte.
25. Presse, kringkasting, film og andre kulturformidlere skal fremme nasjonens interesser. Samfundsfiendtlig propaganda og utbredelse av klassehat forbys.
26. Den naturlige sammensmeltning av de to målførere (skal vera målførere) til ett norsk skriftspråk fremmes, men uten tvang.

VI. Forsvaret og utenrikspolitikken.

27. Forsvaret styrkes, særlig sjø- og luftforsvaret. Hær, flåte og luftvern organiseres i sterkt samarbeid.
29. Handelspolitikken skal især arbeide for å holde oppe utførsel og skipsfart. Varer som kan frembringes forsvarlig og tilstrekkelig innenlands, skal ikke hentes utenfra.... Norske interesser i polarstrøkene hevdes våkent og sterkt.
30. Utenrikspolitikken skal søke tilknytting til rase-, kultur- og interessebeslektede folk verden over for særlig på denne fellesgrunn å gjøre vår innsats i folkenes verdensfellesskap. Over alt må gjelde at hensynet til hele landet går foran enkeltpersoners, partiers og landsdelers særinteresser. *Egennytte gjennom folkenytte. Norge er et rike - vi skal bli et folk.*

Tilslutninga til NS i Sunnhordland

NS hadde pr. 8. mai 1945 ca. 68 medlemmer i Sunnhordland. Dette talet har eg kome fram til ved å gå gjennom referat av landssviksakene i bladet Sunnhordland i tida 1945-48, ved samtalar med kontaktpersonar omkring i dei einstilte kommunar og ved jamføring med "Londonregisteret" frå 1944 og den såkalla "Banklista" som vart utarbeidd etter krigen over økonomiske landssvikarar og NS-medlemmer. Av desse to listene er den fyrste nokså upåliteleg. Den andre skil ikkje mellom NS-medlemmer og personar under tiltale for øk. landsvik. Derfor torer eg berre gje opp eit omtrentleg tal medlemmer, som er så nokonlunde nær det korrekte. I dette talet (mellom 60

Så kom rettsoppgjeret. I november 1945 stod Alf Rødseth for Gulating lagmannsrett, tiltala for "at han ved sin krigstjeneste bisto fienden i dåd". Han orsaka seg ikkje eller freista bortforklara noko som helst. Men han fastheldt at han hadde ikkje oppfatta militær hjelp til Finland som landssvik.

Retten peika på at lovbroten hans var alvorleg, men la til at tiltalte var svært ung då han verva seg til krigsteneste. Heller ikkje hadde han vore medlem av NS, og "det har utvilsomt vært ulykkelige forhold som har ført til at han meldte seg til fronttjeneste". Han hadde også nekta å avleggja eid til Hitler som øvste tysk krigsherre. Sidan han vart dimmitert frå Legionen i 1943, hadde han ikkje hatt det minste med okkupasjonsmakta eller Nasjonal Samlings organisasjonar å gjera.

Dommen lydde på 3 års tvangsarbeid - minimumsstraffa som lova fastsette. Han tilhørte dei såkalla "reine" frontkjemparane, folk som ikkje var NS-medlemmer og heller ikkje gjekk inn i NS-organisasjonar eller utførte teneste for okkupanten etter at fronttenesta var slutt. Desse utgjorde rett nok eit mindretal, men kategorien "frontkjempar" var i røynda ei lite homogen gruppe der heller ikkje dei rotekte nasjonalsosialistane spela nokon hovudrolle. I fyrste fase av rettsoppgjeret vart skilde domstolane lite mellom dei ulike kategoriane av deltakarar i krigen på tysk side.

Alf Rødseth kom for retten så tidleg som i nov. 1945, og då var dommane svært harde samanlikna med dei som vart avsagde i 1946-1948. I nokon mon retta styremaktene på dette ved at ein del av straffa vart ettergjeven for dei som var dømde tidleg etter at krigen slutta.

Etter to års soning var Alf Rødseth atter ein fri mann. Og gjennom eit langt yrkesaktivt liv både her heime og i oversjøiske land har han vore ein god borgar av vårt samfunn.

Sluttord

Me har presentert to norske borgarar som i unge år "gav fienden bistand i råd eller dåd". Dei får stå som representantar for den gruppa av nordmenn som gjorde råd eller andre val enn det store fleirtalet - "dei gode nordmennene" - og måtte bøta for det.

I desse 50 åra har denne gruppa vore nærmast ikkje-personar. Også for dei kan det gjerne vera rimeleg å snakka om seinverknader av krigsåra og dei såra som så mange av dei norske borgarane fekk.

Men NS-medlemene og andre som kom ned "på feil side" og deira handlingar er ein del av vår historie. Det er på tida å setja fullt ljøs på det som

helst har vore einsidig negativt vurdert og uhøveleg å dvela ved. Men me kan ikkje teia i hel dei sider ved fortida me ikkje likar av personlege grunnar. Derfor får det ikkje hjelpa om no ein og annan synest at det er taktlaust og uhøveleg å ta opp slike tabuemne, og ikkje likar at det blandar seg skurrande tonar i festbruset under jubileumsfeiringa.

Men for historikaren må alle alle sider med, alle kjelder ausast av. Fyrst då kan det teiknast eit bilete av okkupasjonssoga og aktørane i denne perioden så reelt, nyansert og korrekt som kjeldene tillet det.

Merknad

Eg vil her takka Johannes Winje og Alf Rødseth for det kjeldetilfanget dei har stilt til disposisjon for årboka. Med deira hjelp er innhaldet i denne årboka - okkupasjons-sogestoffet - vorte rikare, meir nyansert og heilsleg. Det har vore eit hovudsynspunkt for dei og meg at framtida har krav på å få kjennskap til dei sidene av okkupasjons-soga som hittil i lokal samanheng har vorte tagd i hel, bl. a. i bygdebøker og minnestoff frå krigsåra. Dei kjennest ved si fortid -det bør me som nasjon gjera alle saman.

Når det gjeld realopplysningar om Den norske legion, har eg hatt stor nytte av major Svein Blindheims bok "Nordmenn under Hitlers fane".

I Alf Rødseths dagbok er det nokre ord som treng ein kommentar:

Gefechtstand = standplass ved fronten

FLAK = Fliegerabwehrkanone = antiluftskyts

Kp. = geværkompani. ca. 165 mann i Legionen

Mg = maskingevær

Eit kompani var delt i 3 tropper a 3 lag

PAK-kanon = panservernkanon (Panzerabwehrkanone)

I. G. - skyts = Infanterie Geschütz, dvs. lette kanoner - 8 -12 mm

Sp. -tropp = Späh-trupp, dvs. oppklaringstropp på 4-5 mann (speiargruppe)

Støttropp = åtakstropp på 30-40 mann som opererte i natterørket.

Parole = stikkord, hemmeleg kodeord som skilde ven frå fiende

Polkovo - ein åsrygg som sovjetsoldatane heldt på Leningradfronten

Uritsk - ein lite by rett utanfor Leningrad, nærmast ein landsby.